



DEN NORSKE KYRKJA

Björgvin biskop

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 23.04.2014

Vår ref: 14/46-2 TOS

Dykkar ref:

Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Biskopen i Björgvin takkar for høve til å gje ein uttale om framlegget til reservasjonsordning for fastlegar. I denne debatten har det vore mange innspel som vil gjera dette til ein debatt om noko anna, som innskrenking i abortlova, difor er det viktig å vera prinsipiell.

Dette er eit prinsipielt etisk spørsmål som gjeld liv og død, og det er eit kvalitetsteikn for vårt samfunn at det er reservasjonsrett i slike spørsmål der samfunnet har tatt eit val, som ved bruk av militærmakt og abort. Det har vore brei semje om at samfunnet må ta omsyn til at det er alvorlege samvitskonfliktar knytt til spørsmål om liv og død. Dette har praktiske konsekvensar som samfunnet har vore budd på å ta, både når det gjeld alternative ordningar for vernepliktige som av overtaydingsgrunnar ikkje vil ta del i militærmakta og for helsepersonell som ikkje vil utføra abort. Ein har laga praktiske ordningar utan at utforminga av desse har vore styrande for retten til reservasjon.

Det prinsipielle spørsmål i denne saka er kor langt reservasjonsretten skal gjelda. Biskopen i Björgvin meiner at det å henvisa til abortinngrep er å starta prosessen mot abort og at dette kan føra til en alvorleg samvitskonflikt for legen. Difor er det positivt at det vert opna for ein slik reservasjonsrett i høyringsnotatet. Det er og verdifullt at ein ser at dette er eit etisk spørsmål på linje med deltaking i aktiv dødshjelp.

Samfunnet treng legar som har høgt etisk medvit og aktivt reflekterar over etiske spørsmål om liv, død og menneskeverd, for alle legar kan i sin praksis måtte stå i situasjonar der deira val avgjer liv og død. Som høyringsnotatet påpeikar er samfunnet tent med at det er rom for ulike overtaydingar og at legar ikkje føler seg tvungne til å handla i strid med samvitet.

Fordi dette er eit prinsippspørsmål må det regulerast ut frå prinsippet og ikkje dei praktiske konsekvensane. Det vert feil å seia at ein vil ta omsyn til eit prinsipp berre der ein lettvint kan unngå ulemper. Og det vert ikkje rett å overlata eit slikt prinsippspørsmål til den einskilde kommune.

Det vert sagt i avsnittet som drøftar samvitsfridom at det er viktig at samvitsfridom vert utøvd slik at det ikkje påfører pasientar ei uforholdsmessig belastning. Ut frå det som er kome fram i debatten synes det ikkje vanskeleg å regulera dei praktiske følgjene fordi ei kvinne ikkje treng henvising frå fastlege for å få utført abort. Dermed vert det ikkje riktig som nokon seier at dette handlar om at fastlegar kan hindra eller innskrenka retten ei kvinne har til å velja å ta abort på fosteret ho ber. Dei praktiske forhold kan ordnast ved informasjon på legekontor, hos fastlegen og ved nettbasert informasjon. Ein må

laga ordningar som ikkje fører til uforholdsmessig belastning og som tar vare på kvinna som står ovanfor eit vanskeleg val.

Biskopen i Bjørgvin sluttar seg elles til høyringsuttalen frå kyrkjerådet som utdjupar samanhengen med kyrkja sitt engasjement for menneskeverd og menneskerettar og går nærare inn på detaljane i høyringsbrevet. Kyrkjerådet oppsummerar slik:

«Oppsummerende vil Kirkerådet fremholde at det bør vises respekt for samvittighet i spørsmål som er knyttet til liv og død. Kirkerådet er derfor prinsipielt positiv til at det innrømmes en reservasjonsmulighet for fastleger som av samvittighetsgrunner vil reservere seg mot å henvise til abort. Vi støtter også forslaget om pasientenes utvidede rett til å skifte fastlege.

Kirkerådet er derimot kritisk til at høringsnotatet foreslår at kommunene skal avgjøre i hvilken grad det skal gis en reservasjonsmulighet. Vi fremholder at det er nødvendig med felles nasjonale retningslinjer for hvilke rammer samfunnet vil sette for fastlegers frihet til å følge sin samvittighet.

Samtidig finner Kirkerådet det på sin plass å se nærmere på spørsmålet om legens medvirkningsansvar ved henvisning til abort. Både dette og samtalen og veiledningens betydning i lege-pasient forholdet er for lite belyst i høringsnotatet og ikke minst i den offentlige debatten.»

Med helsing


Halvor Nordhaug
biskop


Tore Skjæveland
seksjonsleiar
Direkte innval: 55 30 64 93

